



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

6000 Bedriftsøkonomisk analyse og rekneskap

01.06.2011

- Tid: *9-14 (5 timar)*
- Målform: *Bokmål/nynorsk*
- Sidetal: *7, inkl.framsida og 2 eks. av vedlegget*
- Hjelpemiddel: *Høgskolens kalkulator (blir delt ut)*
- Merknader: *Hugs å skrive kandidatnummer på innleveringsark.
Ta eigne føresetnader der du finn det naudsynt*
- Vedlegg: *Skjema for rekneskapsavslutning i to eks.*

Eksamensresultata blir offentleggjort på Studentweb.



Avdeling for allmennvitenskaplege fag.

BOKMÅL

Oppgave 1 (20%)

Et mindre anleggsmaskinfirma skal se nærmere på sitt kalkylegrunnlag. 2011-budsjettet ser slik ut (1.000 NOK). Nåværende normalkapasitet, 15.200 maskintimer, er lagt til grunn.

Salgsinntekter		12.500
<u>Direkte kostnader:</u>		
Driftsavhengige maskinkostnader, kr.125,- pr.time = 1.900		
<u>Lønn til maskinførere, kr.250,- pr.time</u>	= 3.800	5.700
Dekningsbidrag		6.800
<u>Indirekte faste kostnader:</u>		
Administrasjonslønn	990	
Avskrivninger på maskiner og bygninger	1.400	
Andre faste driftskostnader	3.000	
<u>Rentekostnader</u>	500	5.890
Overskudd før skatt		<u>910</u>

Firmaet kalkulerer sine tilbud basert på antall maskintimer som jobben forventes å kreve.

- Hvilke kalkulasjonstimepris bør firmaet benytte i sine kalkyler for å oppnå full kostnadsdekning?*
- Hva er den absolutt laveste prisen som det kan være aktuelt å benytte, og under hvilke omstendigheter er det aktuelt å benytte denne prisen?*
- Firmaet skal nå gi tilbud på gravearbeid til en ny skole i nabokommunen. Jobben er forventet å kreve 800 timer. Hvilken totalpris mener du tilbudet bør lyde på? Begrunn svaret.*

Oppgave 2 (30%)

Foreløpig saldobalanse for regnskapsåret 2010 for Olsen Handel finner du i vedlegg. I tillegg får du opplysninger om disse avslutningsmomentene som du må ta i betraktning.

- Varebiler avskrives med 30 % p.a. etter saldometoden. I slutten av desember blei den gamle bilen solgt og en ny kjøpt for 300.
 - Varelageret pr.31.12 har verdi 580
 - Forskuddsbetalt husleie pr.31.12 utgjør 16
 - En faktura på 23 i driftskostnader er 31.12. ikke bokført eller betalt.(se bort fra mva.).
 - Det blei 28.12 betalt en leverandørfaktura på 17 over foliokontoen. Denne er ikke bokført (se bort fra mva.).
- Avslutt regnskapet for Olsen Handel pr. 31.12.2010*
 - Hvor stor har gjennomsnittlig bruttofortjenesteprosent vært det siste året?*
 - I juni 2011 skal Olsen betale 40 i avdrag på pantelånet. Forklar hvordan dette vil påvirke resultat og balanse for 2011.*

Oppgave 3 (30%)

Vår V.Høst bor sammen med sin mann August Høst på småbruket "Vinterlid". Bruket er lite og nyttes bare på hobbybasis til foring av et par hester. Men de to har et husflidverksted, der August dreier og snekrer og Vår dekorerer forskjellige produkter av tre. Hovedproduktene er rosemalte boller og små kister. Disse leveres til en husflidkjede som er villig til å ta imot så mye de to klarer å produsere til de avtalte prisene. Andre produkter selges på bestilling. Datteren, Julie Vinterlid Høst, studerer bedriftsøkonomi, har sett nærmere på regnskapstallene for siste år og har satt opp denne tabellen:

	<u>Boller</u>	<u>Kister</u>	<u>Andre prod.</u>	<u>Totalt</u>
Salgsinntekter	180.000	92.000	58.000	330.000
<u>Variable kostnader</u>	<u>60.000</u>	<u>20.000</u>	<u>25.000</u>	<u>105.000</u>
Dekningsbidrag	120.000	72.000	33.000	225.000
<u>Faste kostnader</u>				<u>32.000</u>
Resultat før skatt til godtgjøring for eget arbeid				193.000

Av produksjonen blei det solgt 200 boller og 100 kister. Arbeidsinnsatsen fordeler seg slik:

	<u>Boller</u>	<u>Kister</u>	<u>Andre prod.</u>	<u>Totalt</u>
Timeverk - trearbeid	200	200	200	600
Timeverk – malearbeid	400	200	100	700

- Beregn dekningsbidrag pr. arbeidstime for de tre produktene. Hvilket av dem gir mest igjen for innsatsen?
- Sett opp bidragskalkyle for en bolle og for ei kiste.

Sjøl om lønnsomheten i husflidvirksomheten ikke er den beste, ønsker Vår og August å fortsette med samme arbeidsinnsats som sist år, dvs. henholdsvis 700 og 600 timeverk. De vil slutte å lage "andre produkter". Gå ut fra at siste året kan anses som et normalår med hensyn til produksjonseffektivitet, og at prisene holder seg uendra.

- Bør Vår og August satse bare på boller, bare kister, eller på en kombinasjon av de to? Formulér spørsmålet som et produktvalgproblem. Kommentér svaret.

Både Vår og August har arbeid utenom småbruket og tjener da kr.200 pr.time. De kan få mer arbeid utenom til samme lønna dersom de ønsker det.

- Hva forstår vi med kalkulert eierlønn? Bør de to kutte ut produksjon i eget verksted og heller bare skaffe seg inntekt utenom? Drøft svaret.

Oppgave 4 (20%)

- Hvilke regnskapsbøker er det vanlig å benytte i et handelsforetak som både har kontantsalg og salg på kreditt?
- Gjør rede for hva det som vi benevner som regnskapssystemet til et foretak består av. Hvilken rolle spiller kontoplanen i dette systemet?

NYNORSK

Oppgåve 1 (20%)

Eit mindre anleggsmaskinfirma skal sjå nærare på sitt kalkylegrunnlag. 2011-budsjettet ser slik ut (1.000 NOK). Nåverande normalkapasitet, 15.200 maskintimar, er lagt til grunn.

Salsinntekter		12.500
<u>Direkte kostnader:</u>		
Driftsavhengige maskinkostnader, kr.125,- pr.time = 1.900		
Løn til maskinførarar, kr.250,- pr.time = 3.800		5.700
Dekningsbidrag		6.800
<u>Indirekte faste kostnader:</u>		
Administrasjonsløn	990	
Avskrivningar på maskinar og bygningar	1.400	
Andre faste driftskostnader	3.000	
Rentekostnader	500	5.890
Overskot før skatt		<u>910</u>

Firmaet kalkulerer sine anbod basert på talet på maskintimer som jobben forventast å krevje.

- Kva for kalkulasjonstimepris bør firmaet nytte i sine kalkyler for å oppnå full kostnadsdekning?*
- Kva er den absolutt lågaste prisen som det kan vera aktuelt å nytte, og under kva for omstende er det aktuelt å nytte denne prisen?*
- Firmaet skal nå gi anbod på gravearbeid til ein ny skole i nabokommunen. Jobben er forventa å krevje 800 timar. Kva for totalpris meiner du anbodet bør lyde på? Grunngi svaret.*

Oppgåve 2 (30%)

Førebels saldobalanse for rekneskapsåret 2010 for Olsen Handel finn du i vedlegg. I tillegg får du opplysningar om desse avslutningsmomenta som du må ta omsyn til.

- Varebilar avskrivast med 30 % p.a. etter saldometoden. I slutten av desember blei den gamle bilen selt og ein ny kjøpt for 300.
 - Varelageret pr.31.12 har verdi 580
 - Forskotsbetalt husleige pr.31.12 utgjer 16
 - Ein faktura på 23 i driftskostnader er pr.31.12. ikke bokført eller betalt.(sjå bort frå mva.).
 - Det blei 28.12 betalt ein leverandørfaktura på 17 over foliokontoen. Denne er ikkje bokført (sjå bort frå mva.).
- Avslutt rekneskapen for Olsen Handel pr. 31.12.2010*
 - Kor stor har gjennomsnittleg bruttofortenesteprosent vore det siste året?*
 - I juni 2011 skal Olsen betale 40 i avdrag på pantelånet. Gjer greie for korleis dette vil påverke resultat og balanse for 2011.*

Oppgave 3 (30%)

Vår V.Høst bur saman med mannen sin August Høst på småbruket "Vinterlid". Bruket er lite og nyttast berre på hobbybasis til foring av eit par hestar. Men dei to har ein husflidverkstad, der August dreiar og snekrar og Vår dekorerer ymse produkt av tre. Hovudprodukta er rosemåla bollar og små kister. Desse leverast til ei husflidkjede som er viljugtil å ta imot så mykje dei to klarar å produsere til dei avtalte prisane. Andre produkt seljast på ordrebasis. Dattera, Julie Vinterlid Høst, studerer bedriftsøkonomi, har sett nærare på rekneskapstala for siste år og har sett opp denne tabellen:

	<u>Bollar</u>	<u>Kister</u>	<u>Andre prod.</u>	<u>Totalt</u>
Salsinntekter	180.000	92.000	58.000	330.000
<u>Variable kostnader</u>	<u>60.000</u>	<u>20.000</u>	<u>25.000</u>	<u>105.000</u>
Dekningsbidrag	120.000	72.000	33.000	225.000
<u>Faste kostnader</u>				<u>32.000</u>
Resultat før skatt til godtgjering for eige arbeid				193.000

Av produksjonen blei det selt 200 bollar og 100 kister. Arbeidsinnsatsen fordeler seg slik:

	<u>Bollar</u>	<u>Kister</u>	<u>Andre prod.</u>	<u>Totalt</u>
Timeverk - trearbeid	200	200	200	600
Timeverk – malearbeid	400	200	100	700

- Rekn ut dekningsbidrag pr. arbeidstime for dei tre produkta. Kven av dei gir mest att for innsatsen?*
- Sett opp bidragskalkyle for ein bolle og for ei kiste.*

Sjølv om lønsemda i husflidverksemda ikkje er den beste, ønskjer Vår og August å halde fram med same arbeidsinnsats som sist år, dvs. kvar 700 og 600 timeverk. Dei vil slutte å lage "andre produkt". Gå ut frå at siste året kan sjåast på som eit normalår med omsyn til produksjonseffektivitet, og at prisane helder seg uendra.

- Bør Vår og August satse på berre bollar, berre kister, eller på kombinasjon av dei to? Formulér spørsmålet som eit produktvalsproblem. Kommentér svaret.*

Både Vår og August har arbeid utanom småbruket og tener da kr.200 pr.time. Dei kan få meir arbeid utanom til same løna dersom dei ønskjer det.

- Kva forstår vi med kalkulert eigarløn? Bør dei to kutte ut produksjon i eigen verkstad og heller berre skaffe seg inntekt utanom? Drøft svaret.*

Oppgave 4 (20%)

- Kva for rekneskapsbøker er det vanleg å nytte i eit handelsforetak som både har kontantsal og sal på kreditt?*
- Gjer greie for kva det som vi kallar rekneskapssystemet til eit foretak består av. Kva rolle spelar kontoplanen i dette systemet?*

Vedlegg til eksamen i 6000 den 01.06.2011

Kandidatnr. _____

K.nr.	Kontonavn	Saldo		Overføring		Resultat		Utgående		Balanse	
		D	K	D	K	D	K	D	K	D	K
123	Varebil		412								
146	Varebeholdning		640								
171	Forskuddsbet.husleie		14								
192	Bankinnskudd folio		128								
195	Bankinnskudd trekk		21								
205	Egenkapital						530				
206	Privatkonto		320								
224	Pantelån				200						
240	Leverandørgjeld				152						
260	Skyldig skattetrekk				21						
274	Oppgjørskonto mva				48						
277	Skyldig arb.giveravg.				16						
278	Påløpt arb.giveravg.				7						
294	Påløpt ferielønn				51						
296	Andre påløpte kostn.				0						
300	Avgiftspliktig varesalg				6 015						
310	Salg av varebil				120						
430	Avgiftspliktig varekjøp		4 300								
500	Lønn		592								
510	Ferielønn		72								
540	Arbeidsgiveravgift		94								
601	Avskrivninger		0								
630	Husleie		182								
779	Andre driftskostnader		376								
815	Rentekostnader		9								
880	Resultat		0								
	Kontrollsum		7 160		7 160						